

## **Fylkestingsprogram Hordaland Arbeiderparti**

### **HORDALAND – EIT FYLKE MED UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER**

**Hordaland** og Vestlandet er framtidens region. Vi har gode velferdsordningar, ei høgt utdanna befolkning og høg sysselsetting. Dette gjev oss svært gode føresetnader for å skapa ei trygg og god framtid for innbyggjarane våre. Hordaland fylke skal levera gode tenester til innbyggjarane og vera ein god samarbeidspartnar for nabofylka, kommunane, statlege verksemdar og næringslivet.

**Omsorg.** Talet på menneske over 67 år vil auka i alle Hordalands-kommunane fram mot 2030, medan det berre er i Bergensregionen det blir fleire ungdommar i alderen 16-19 år. Dette aukar utfordringa for å sikra nok faglært arbeidskraft til omsorgs- og velferdssektoren i heile fylket. Hordaland Arbeiderparti meiner at denne utfordringa blir løyst best i samarbeid mellom kommunar, helsesektoren og fylkeskommunen.

**Regionreform.** Vi vil ta i bruk fylkeskommunen som ein positiv samarbeidsarena for kommunane, for nabofylka våre og for næringslivet. Hordaland Arbeiderparti vil leggja ned dagens fylkeskommune og erstatta han med regionar, med vestlandsfylka som pilotregion. Vi treng sterke og robuste kommunar som spelar på lag med næringslivet og utdanningsinstitusjonane på heile Vestlandet.

**Distrikt.** Det vil bli ein sterk folkeauke i mange kystkommunar og i Bergensområdet dei neste åra. I indre delar av fylket må vi snu utviklinga med nedgang i folketalet. For å møte desse utfordringane vil Arbeiderpartiet styrka innovasjon og verdiskaping og arbeida fram klimavenlege transportløysingar. Hordaland Arbeiderparti vil styrke satsinga på lokal næringsutvikling, særleg med tanke på distriktsutvikling og å utvikle sterke regionale verdiskapingsmiljø. Hordaland Arbeiderparti vil også ha meir samhandling på tvers av kommune- og fylkesgrenser og mellom kommunar, region og stat.

Arbeiderpartiet vil møte dei globale klimautfordringane med handling lokalt. Vi vil kutta klimagassutsleppa i Hordaland med 25 prosent innan 2020 i forhold til nivået i 1991, og 45 prosent innan 2030. Transportsektoren er sentral i arbeidet med å få ned klimagassutsleppa. Folketalsveksten i og rundt Bergen vil føra til auka press på vegar og infrastruktur. Veksten i persontransporten må bli teke med kollektivtrafikk og sykkel eller at ein går. Vi vil auka talet på avgangar og redusera prisane. I perioden ynskjer vi å forsøka med gratis kollektivtransport på ei eller fleire strekningar i rushtida.

**Læring og Kunnskap** er ein avgjerande føresetnad for å skapa framtidens arbeidsplassar. Arbeiderpartiet vil at Hordaland fylke skal bli best på utdanning. Vi vil arbeida målretta for å redusera fråfallet i vidaregåande opplæring. Vi vil ha betre samarbeid mellom grunnskule, vidaregåande skule, høgare utdanning og arbeidslivet.

**Alle skal med.** Nærmiljøet og lokalsamfunnet er ramma for liva våre. Hordaland Arbeiderparti trur på sterke fellesskapsløysingar, fordi vi får til meir saman enn kvar for oss åleine. Det gjev større tryggleik og fleire moglegheiter for den enkelte når vi stiller opp for kvarandre.

Næringsliv. Hordaland har eit sterkt og nyskapande næringsliv. Vi er eit sentralt fylke innan olje og gass, prosessindustri, leverandørindustri, skipsverft, fiske og fiskeoppdrett, turisme og kulturnæringane. Industrien vår må sikrast stabile og like konkurransevilkår slik at våre viktige industriarbeidsplassar framleis er konkurransedyktige. Hordaland skal bli leiande på klimaforskning og grønn teknologi.

Demokrati. Hordaland Arbeiderparti vil arbeide aktivt for at kommunereforma må sikre ei samtidig styrking av dei fire hovedpilarane i folkestyret si forvaltning på lokalt og regionalt nivå; den demokratiske arena, tenesteyting, samfunnsutvikling og myndighetsutøving. Hordaland Arbeiderparti vil vera særskilt aktive i det vidare arbeid med å vurdere kva oppgåver som skal leggjast inn til det regionale nivået og i byggjinga av ein større vestlandsregion under folkevalt leiing.

## **KLIMA OG MILJØ**

Hordaland skal vera eit føregangsfylke i klimaarbeidet. Klimaendringane rammar dei fattigaste i verda hardest, men ingen land er skåna for endringar i klimaet. Det trengs ein felles internasjonal innsats for å redusere utsleppa av klimagassar tilstrekkeleg.

Vi har betydelege klimagassutslepp i Norge, og Hordaland følgjer i stor grad dei nasjonale endringane. For få år sidan hadde vi ein liten nedgang i utsleppa, men no er dei på veg opp att. Skal vi ta vår del av ansvaret, må vi gjere kva vi kan for å kutta i utsleppa, også lokalt.

I tillegg til klimagassutsleppa har vi i dei bynære områda i Hordaland relativt store utfordringar knytt til lokal forureining. Den største kjelda til dårlig luftkvalitet er vegtrafikken med utslepp frå eksos og asfaltstøv. Men også vedfyring i private heimmar, bruk av oljefyring i offentlege bygg og skipstrafikken, utgjer ei stor kjelde til lokal luftforureining.

Hordaland er det største vasskraftfylket i landet, der bruk av vassressursane til energiproduksjon har lange tradisjonar. Dei siste åra har vi sett ei stor auke i søknader om løyve til byggjing av småkraftverk i Hordaland. Når vi skal vurdere å gje løyve til etablering av småkraftverk, er det ei rekke omsyn som må vegast mot kvarandre. Spørsmål som lokal næringsutvikling, busetjing i distrikta og kraftproduksjon må vegast mot omsynet til natur og miljø. I tillegg må den nytten småkraftverka har for samfunnet, vegast opp mot dei negative konsekvensane av til dels øydeleggjande naturinngrep.

Hordaland Arbeiderparti er opptatt av at dei negative miljøkonsekvensane ved fiskeoppdrett skal reduserast, og har som målsetting at fiskeoppdrett skal gå føre seg i miljømessig berekraftige anlegg, som for eksempel lukka anlegg.

### **Hordaland Arbeiderparti vil:**

- Innføra tidsdifferensierte bompengesatsar i bompengeringen i og omkring Bergen.
- Ha eit så godt kollektivtilbod at bil ikkje er ein føresetnad for å kunne bu og leva i Bergen sentrum.
- Etablerer innfartsparkering med sykkelparkering ved større kollektivterminalar og bybanestopp utanfor sentrale delar av Bergen.
- At nye køyretøy for offentleg bruk skal vere nullutsleppskøyretøy eller hybridkøyretøy, med mindre det ikkje er laga slike køyretøy som kan dekke behovet.

- At fylkeskommunen ved framtidige anbod på kollektivtrafikk, ferjer og hurtigbåtar i Hordaland skal krevja bruk av fornybar energi der det er mogleg.
- Byggja fleire sykkelfelt og utvida nettet av kollektivfelt på dei fylkeskommunale vegane.
- At Hordaland skal ha eit komplett nett av hurtigladestasjonar for elbilar innan 2020.
- Byggja og rehabilitera til energismarte og miljøvenlege bygg.
- Avvikla oljefyring og etablera alternative fornybare energikjelder i alle fylkeskommunale bygg.
- Bruke meir bioenergi i nær- og fjernvarmeanlegg.
- Etablera landstraumstilkopling ved kai i Bergen sentrum.
- Etablera fyllestasjon for biodrivstoff til fly på Flesland og rabattert landingsavgift for fly som går på biodrivstoff.
- Arbeide for at fiskeoppdrett skal gå føre seg i lukka anlegg.
- At oppgradering av eksisterande kraftanlegg for å auka kapasiteten skal prioriterast.
- At søknad om bygging av småkraftverk i verna vassdrag som hovudregel skal avslåast.

## UTDANNING

Skule er vår viktigaste sak. Ved å sikra ein desentralisert skulestruktur som gjev alle lik rett og høve til utdanning, kan vi både utjamna sosial ulikskap i samfunnet og bidra til at alle, uavhengig av bustad, sosial status eller økonomi, kan verkeleggjera sine egne mål og draumar. Vi ynskjer ein skule der alle blir sett, der alle kan delta, og der eleven står i sentrum. I dag bruker Hordaland 40 millionar kroner mindre på skule enn i 2007. Vi treng politisk vilje og handlekraft for å skapa morgondagens skule og vil difor auka løyvingane.

### **Elevane**

Vi meiner at det er eit politisk ansvar å sikra at alle får høve til å fullføra utdanninga si. Arbeiderpartiet meiner at kampen mot fråfallet blir vunnen gjennom kvalitet i skulen. Difor vil vi sikra at det er nok tilsette lærarar på skulane, slik at dei har tid til å følgja opp kvar enkelt elev, og at kontakten mellom heim og skule blir betre. Vi meiner at skulegangen skal vera gratis, og vil gje alle elevar i Hordaland gratis berbar pc og gratis skuleskyss. Slik kan alle delta på like vilkår. Vi vil pussa opp skulane for å sikre elevane eit trygt og godt fysisk arbeidsmiljø, og vi vil intensivera arbeidet mot mobbing slik at skulen fremjar god fysisk og psykisk helse.

### **Lærarane**

Arbeiderpartiet har tillit til lærarane. Vi meiner at det er vår oppgåve å sikra gode rammevilkår, og at det er lærarane si oppgåve å vurdera kva pedagogiske verktøy som skal nyttast. Difor vil vi ta bort ordninga med anonym retting av prøvar. I tillegg vil vi arbeide for andre avbyråkratiserande tiltak, ved at fleire yrkesgrupper kjem inn i skulen, og at det blir mindre målstyring og rapportering. Læraren er skulens viktigaste ressurs. Læraren ser elevane kvar dag, og veit kva som trengs for å gje den hjelpa og rettleiinga dei treng. Vår oppgåve er å sikra nok ressursar til skulane, slik at læraren har tid til elevane.

KS har svikta i si rolle som arbeidsgjevvarmotpart for lærarane, og det har vore konflikt i kvart einaste hovudoppgjør sidan 2008. Det har bygd seg opp en mistillit mellom partane som

forsterkar konfliktklimaet, og svekkar skolen. Vi meiner difor at staten bør overta forhandlingsansvaret for lærarane. Ved at staten tar over ansvaret får vi også større moglegheiter til å sjå alle virkemidla i samanheng, og sikre nødvendige lærarløft og andre tiltak.

### **Skulane**

Skulane har ulike utfordringar. Men sams for alle er ein mangelfull ressursituasjon. Vi ynskjer ein ny finansieringsmodell der tildelingskriteriet ikkje skal vera kor mange elevar skulen klarar å få plass til i eit klasserom, men kva ressursar skulen treng for å skapa ein god skule. Vi ynskjer også eit nytt inntakssystem. I dag må elevane konkurrera om skuleplassane. Vi vil gje elevane meir fridom. Vår løysing gjev eit inntakssystem som gjer elevane rett til å gå på sin nærskule og høve til å søkja seg til andre skular på grunnlag av karakterar. Då kan vi sikra fridom for alle. I eit konkurransesystem som skapar vinnarar, skaper ein også taparar. Det er eit utdatert system.

### **Samfunnet**

For å sikra rekrutteringa til næringslivet vil vi utvida ordninga med tekniske og allmenne fag (TAF), i eit nært samarbeid mellom den vidaregåande skulen og private og offentlege verksemder. Dei vidaregåande skulane skal vera kraftsentrum i det regionale og lokale utviklingsarbeidet for næringslivet, og dei må vere garantisten for at grunn-, etter- og vidareutdanning for vaksne er tilgjengeleg for alle.

At vi har et organisert arbeidsliv med dyktige fagarbeidarar sikrer Norge en teknologi og produktivitet som gjør at vi kan konkurrere internasjonalt, uten at det går på bekostning av rettane til arbeidstakarane. Difor meiner vi at det er viktig å utdanne fleire fagarbeidarar og styrke fagarbeidarens status.

### **Hordaland Arbeiderparti vil:**

- Slå fast at kamp mot fråfallet er den viktigaste saka, og vi har som mål å halvera fråfallet ved dei vidaregåande skulane i Hordaland i perioden 2015-2019.
- Styrkja fagopplæringa med læreplassgaranti og utvida TAF-ordninga.
- Gje alle elevar rett til å gå på nærskulen sin.
- Avskaffa ordninga med stykkprisfinansiering, og erstatte den med ein budsjettmodell som gjev skulane forutsigbare rammer med utgangspunkt i kva den enkelte skule treng.
- Ha meir praktisk undervisning og sikra tettare oppfølging av elevar med motivasjons- og lærevanskar.
- Rekruttera andre yrkesgrupper inn i skulen.
- Ta bort unødvendige rapporteringskrav og anonym retting av prøver, slik at læraren kan konsentrera seg om undervisninga.
- Gje alle elevar gratis berbar PC og gratis skuleskyss.
- Rusta opp dei vidaregåande skulane.
- Sikra ein desentralisert skulestruktur i Hordaland, slik at flest mogeleg kan gå på skule der dei bur.
- Tilsetja eit uavhengig elev- og lærlingeombud.
- Tilsetja skulepsykologar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland.

- At det vert stilt krav til bedrifter som skal levere offentleg anbod om å være aktiv lærebedrift, og fortrinnsvis ha lærlingar på det aktuelle prosjekt/arbeid.
- Skapa fleire møteplassar mellom rådgjevarar på ungdomsskulen, vidaregåande skule og lokalt næringsliv
- Oppmuntra den enkelte skule til målretta fråfalls – og motivasjonstiltak tilpassa elevane.
- Frata KS forhandlingsansvaret for lærarane og at staten skal ta over oppgaven.

## HELSE OG OMSORG

Arbeiderpartiet er garantisten for eit godt og utbygd helsetilbod tilgjengeleg for alle uavhengig av økonomi og bustadkommune. Vi skal ha eit godt sjukehusstilbod i alle delar av fylket, og folk skal vera trygge på at ein får den hjelpa ein treng i tide.

Førebygging og tidleg innsats er nøkkelord for helsevesenet. Pasientane må stå i sentrum, og ein må leggja til rette for godt samarbeid mellom alle delar av helsetenesta. Fylkeskommunen skal vera ein aktiv pådrivar for å fremja og koordinera folkehelsearbeidet i fylket. Dei overordna måla er fleire leveår med god helse, og samtidig redusera sosiale helseforskjellar.

Tannhelse er ein vesentleg del av folkehelsearbeidet og spelar ei stor rolle for folks livskvalitet. Det er difor viktig å sikra det offentlege tilbodet og sikra alle eit godt tilbod i alle delar av fylket. Vi vil sikra at løysingane kjem både sårbare grupper og folk flest til gode. Arbeiderpartiet meiner det er viktig å starta med dei som treng det mest og prioritere gratis eller billigare tannbehandling til sårbare grupper.

Skulehelsetenesta er ei viktig førebyggjande teneste. Alt for mange kommunar i Hordaland prioriterer ikkje dette arbeidet høgt nok, og tilbodet til elevane varierer frå kommune til kommune. Arbeiderpartiet vil jobbe for å stille strengare krav til kommunane for å sikra ei betre skulehelseteneste ved dei vidaregåande skulane.

Hordaland Arbeiderparti vil:

- Ha folkehelseplanlegging og førebygging inn i all samfunnsplanlegging.
- Bidra til meir systematisk og heilskapleg folkehelsearbeid gjennom *Partnerskap for folkehelse*.
- Leggja til rette for meir fysisk aktivitet for alle ved å satsa på trygge skuleveggar, gratis utleige av idrettsanlegg, hallar og gymnastikksalar for aktivitetar der deltagarane er under 20 år.
- Sikra god tilgang på offentleg tannhelsetilbod i heile fylket. Difor vil me stanse den pågåande sentraliseringa av tannhelsetenesta i Hordaland.
- Styrkja det førebyggjande tannhelsetilbodet og prioritera dei som treng det mest.
- Heva aldersgrensa for gratis alminneleg tannbehandling i fylkeskommunal regi frå 18 år til 25 år.
- Takstfrys på alle tannhelsesatsar frå 1.1.2016

## **SAMFERDSEL**

Arbeiderpartiet vil syta for at heile Hordaland skal vera eit attraktivt fylke med framtidsretta transportløyisingar både for folk og næringsliv. Vi skal ha eit kollektivtilbod som er eit reelt alternativ til bilen og eit vegnett som legg til rette for auka verdiskaping.

Kollektivreiser må vere ein viktig berebjelke i transportløyisingane i heile Hordaland. Folk må kunna reisa kollektivt til og frå jobb, barnehage og skule. I tettbygde område og spesielt Bergen må vi betra luftkvalitet og redusera køar ved å få mange fleire til å reisa kollektivt. Då må vi ha eit kollektivtilbod som er brukarvenleg, bra på kvalitet og rimelig i pris.

Hordaland må ha eit vegnett som knyt fylket saman med resten av regionen og som har effektive transportkorridorar mot resten av landet. Vi må ha raske og effektive stamvegar som er kopla opp mot moderne og sikre riks-, fylkes- og lokalvegar. Det legg grunnlaget for verdiskaping og busetting i heile fylket. Ferjene er ein viktig del av vegnettet i fylket vårt, og vi må ha hyppige avgangar og ein klimavenleg ferjeflåte.

Hordaland er avhengig av eit godt vegnett, konkurransedyktig sjøtransport og større kapasitet på Bergensbana for å sikra næringslivet effektiv varetransport. Dessutan er ein avhengig av luftfarten og eit godt tilbod ved Flesland, særleg til persontrafikken. Stord lufthamn er viktig for regionen, og fylket må difor utøva aktiv eigarskap for å syta for at den blir tryggja.

### **Hordaland Arbeiderparti vil:**

- Byggja bybane til alle bydelar; først til Åsane og så til Fyllingsdalen og Loddefjord, og så vidare til Sotra.
- Innføra tidsdifferensierte bompengesatsar i Bergen for å få ned bilkøane, betra kollektivtilbodet og luftkvaliteten.
- Innføra miljødifferensierte bompengesatsar, med for eksempel rabatterte prisar ved samkjøring i rushtida.
- Stilla krav om miljøvenleg drift av bussar og sjøtransport.
- Auka aldersgrensa for ungdomskortet til 25 år.
- Gjere studentrabatten på kollektivreiser aldersuavhengig, og gje alle studentar rett på rabatterte prisar så lenge dei har rett på studiestøtte frå statens lånekasse.
- Satsa på «heim for ein femtilapp» i distrikta slik at ungdom kan reisa trygt heim på kvelds- og nattetid.
- Ha ei forsøksordning med eigen jentetaxi, saman med andre ordningar for å auka tryggleiken i Bergen sentrum.
- Legga til rette for innfartsparkering ved kollektivknutepunkta.
- Ha einheitstakst på reiser med tog frå Arna til Bergen Sentrum
- Fjerne nattaksten på kollektivreisar.
- Fjerne krav om validering for Skyss-reisande.
- Fjerna anbodssystemet og konkurranseutsetjinga i kollektivtrafikken. Det vil gje mindre byråkrati og betre forutsigbarheit for både brukarar og tilsette.
- Forsøke med gratis kollektivtransport på ei eller fleire strekningar i rushtida.
- Auka kapasiteten på Askøybrua ved å ta i bruk midterste felt til kollektivtrafikk.
- Greia ut moglegheita for nytt tunnellop i Olsviktunnelen for å auka mobiliteten til kollektivtrafikken mellom Askøy og Bergen.
- Prioritera vedlikehald av fylkesvegnettet, samt mange mindre men avgjerande utbetringar framfor større investeringsprosjekt. Fleire fylkesvegar i Hordaland skal få gul stripe, rassikring må prioriterast og flaskehalsar utbetrast.

- Ha ferjefri kyststamveg (E39) mellom Bergen og Stavanger og gode påkoplingar til andre område i fylket.
- Utbetra aust-vest-sambanda E134, E16 og RV7.
- Prioritera ny tunnel mellom Hop/Fjøsanger og Arnanipa
- Prioritera Sotrasambandet og Nyborgtunnelen.
- Arbeide for ei raskare, trygg og moderne Bergensbane for å sikre person- og varetransport ved å satsa på Vossebanen, Ringeriksbanen og fleire kryssingsspor.
- Støtta ei samordna utbygging av Vossebanen og E16 for å få på plass ein trygg og effektiv E16 og ei sikker og moderne Vossebane.
- Styrkja og vidareutvikla Stord lufthamn til flytrafikk
- Fortsetja arbeidet med etablering av ei nasjonal fiskerihavn i Langevåg på Bømlo
- Hordaland Arbeiderparti vil vera ein pådrivar for fortsatt utbygging av breiband/fiber, spesielt der det ikkje eksisterer breiband i dag.
- Hurtigbåtforbindelse mellom Kleppestø og Bergen styrkast.
- Arbeide for å korte ned reisetida på ferjesambandet mellom Kvinnherad og Stord.
- Fornya ferjeflåten, og setta krav til klimavenlege løysingar innanfor ferjedrifta som til dømes batteriferje.

Bergen har betydelege utfordringar knytta til luftforureining og vi meiner dette kan reduserast ved å flytta godshamna på Dokken og godsterminalen på Nygårdstangen ut av Bergen sentrum. Vi må sikra at ei ny godshamn kan betene det regionale behovet for godstransport og samtidig sikra framtidretta og miljøvennlege løysingar for handtering av gods.

### **Hordaland Arbeiderparti vil:**

- Flytte godshamna frå Dokken og Jekteviken.
- Flytte godsterminalen frå Nygårdstangen.
- Etablere ei ny, miljøvennleg godshamn i Bergensområdet.
- Auka kapasiteten og styrka regulariteten på Bergensbana.

## **KULTUR, IDRETT OG FRIVILLIG INNSATS**

Kunst og kultur aukar livskvaliteten og er identitetsskapande. Kulturløftet har gjeve auka aktivitet for kultur- og organisasjonslivet i heile fylket. Arbeiderpartiet vil vidareføra dette arbeidet og gje særleg born og unge kunst- og kulturopplevingar, uansett sosial bakgrunn og kor dei bur. Skal ein ha eit levande kulturliv, må ein engasjera både profesjonelle og frivillige. Hordaland har leiande utøvarar innan dei fleste kunst- og kulturuttrykk, og gjer seg sterkt gjeldande innan alle felt. Arbeiderpartiet vil stimulera det store og engasjerte musikklivet og sikra eit bredt tilbod. Tildelingar av støtte må gjevast til både profesjonelle, amatørar eller frivillige aktørar på likt grunnlag. Fylket skal vera ein aktiv samarbeidspartnar for arrangørar av konsertar og festivalar.

Hordaland er museumsfylket nummer 1 i Norge. Nær 100 museum og samlingar er no samla i ni einingar. Musea våre formidlar historia vår, men også samtida vår. Ei av fleire utfordringar vil vere å definera rolla som samfunnsutviklar og å betra samhandlinga med kommunane og frivillig sektor. Arbeiderpartiet vil ha eit betre samarbeid mellom kulturminnevern og museumsarbeid slik at vi kan sikra kulturarven mellom anna innan bygningsvern og fartøyvern.



Folkebiblioteka er viktige kulturinstitusjonar der variert litteratur er tilgjengeleg for alle, og der både born og eldre kan få stetta leselysta. For Arbeiderpartiet er det viktig at alle kommunane har gode folkebibliotek med kompetent personale og med eit aktivt samarbeid med skule, barnehage og andre institusjonar i nærmiljøet.

Hordaland bør styrke si rolle som område for nynorske institusjonar og kulturytringar. Hordaland Arbeiderparti meiner difor at Hordaland Teater som kulturinstitusjon og nynorsk debattarena er eit viktig tilskot i dette arbeidet

### **Hordaland Arbeiderparti vil:**

- Sørgja for forutsigbare støtteordningar til kulturfeltet.
- Satsa meir på norsk musikk med støtte til øvingslokaler, utstyr, festivalar og transport.
- Ha eit øvingsromløft for heile fylket for å sikra framtidens musikalske Hordaland.
- Innføra eit universelt ungdomskort som skal inkludera busskort, idrettskort og kulturkort.
- Auka ressursane til Kulturelt utviklingsprogram (KUP) med særskilt vekt på kystkulturen.
- Utvida tilbod der born, unge og eldre møter profesjonelle musistar og kunstutøvarar, og sjølv kan ha eigen aktivitet innan ordningar som ”Den kulturelle skulesekken” og ”Den kulturelle spaserstokken”.
- Bidra til transport og annan tilrettelegging for skular som ynskjer å nytta seg av kulturtilbod og museumsbesøk.
- Satsa på den regionale filmproduksjonen og sikra auka statlege midlar til dokumentar- og langfilm og styrka kontakten med internasjonale fagmiljø.
- Styrka Hordaland Teater med fast scene i Bergen
- At frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar og personar under 20 år får låna fylkeskommunale anlegg og skular gratis.
- Styrkja folkebiblioteka og sikra eit fullverdig desentralisert bibliotektilbod.
- Ta i bruk dei regionale musea som kompetansesenter for skuleverket, kommunalt planarbeid og forvaltning, privat næringsdrift og høgare utdanningsinstitusjonar.
- Utarbeida plan for ivaretaking av den immaterielle kulturarven.
- La nettverksorganisasjonar som Brak, VISP og Designregion Bergen i større grad bli høyrte i utforminga av ordningar innan deira fagfelt.
- Vidareføra museumsplanen og leggja til rette for fleire prosjekt innan digital formidling.
- Gje kulturnæringane tilgang til næringspolitiske verkemiddel og støtteordningar på lik linje med andre næringar.
- Utvikla og støtta internasjonalt samarbeid, regionssamarbeid, samarbeid mellom idrett-, kunst- og kulturorganisasjonar.
- Gjera søkbare tilskot og støtteordningar meir tilgjengeleg, heilskapleg, langsiktige og forutsigbare for søkerane.
- Leggja til rette for meir gatekunst i undergrunnar og andre stader der det er naturleg.

## **IDRETT OG FRIVILLIG ARBEID**

At folk er aktive og deltek er grunnlaget for eit godt folkestyre og eit levande lokaldemokrati. Gjennom frivillig arbeid skapar vi møteplassar for folk frå alle lag av samfunnet, vi utviklar fellesskap og lærer av kvarandre. Lokalt kulturliv og lokale idrettslag og organisasjonar er i tillegg med å sikra integrering og utjamning av sosiale skilnader. Frivilligsentralane er blitt ein viktig møteplass i mange lokalsamfunn. Dei fungerer som læringsarenaer, som hjelpetilbod i kvardagen, som sosiale treffstader og som integreringsarenaer. Det er eit mål at desse sentralane skal vere tilgjengelege for både unge og eldre. Vi vil også leggja til rette for gode kulturtilbod for dei eldre, samstundes som ein stimulerer til at pensjonistar bidreg som ressurspersonar i frivillig arbeid.

Arbeiderpartiet vil auka innsatsen for å leggja til rette for turløyper, skogsløyper og friluftareal. Vi vil ha varierte idrettsarenaer som er tilgjengelege for innbyggjarane i alle kommunar.

Arbeiderpartiet skal vera ein garantist for gratis hall- og baneleige i heile fylket. Organisert idrett er eit viktig samfunnsbyggjande element. Arbeiderpartiet ynskjer at Hordaland skal ta på seg store nasjonale og internasjonale arrangement. Idrettsråda har ei viktig rolle å spela i kommunane, og fylkeskommunen bør leggja til rette for eit godt samarbeid mellom idrettsråda og idrettskretsen.

### **Hordaland Arbeiderparti vil:**

- Særleg styrkja barne- og ungdomsidretten gjennom å sikra ein langsiktig og føreseieleg økonomi på alle nivå.
- Leggja til rette for grupper som driv eigenaktivitet utanfor det organiserte idretts- og kulturlivet.
- Arbeida for å få bygd fleire idrettsanlegg og fleirbrukshallar.
- Styrkja tilbodet til ungdom som vil kombinera utdanning og toppidrett.
- Vera ein pådrivar i arbeidet med å få store idrettsarrangement til Hordaland.
- Ha tett dialog med idretten om prioritering av spelemidlar.
- Betra samarbeidet mellom fylkeskommunen og frivillig sektor.
- Sikra at natur og idrettsanlegg er tilgjengelege også for dei med redusert funksjonsevne.
- Tilby gratis utlån av offentlege lokale, banar og hallar.
- Ha utlansordningar av sport- og fritidsutstyr.
- Auka innsatsen for å leggja til rette for turløyper , skogsløyper og friluftareal.

## **VI MÅ SKAPA FOR Å KUNNE DELA**

Vi vil at Hordaland skal vere ein god stad å leva. Folk må ha noko å leva av, men vi meiner at samfunnet også har eit ansvar for å skapa noko å leva for. Difor går arbeid, næring, kultur og verdiskaping hand i hand.

Hordaland Fylkeskommune er ein stor arbeidsgjevar. Alle som jobbar i fylkeskommunen skal ha trygge og gode arbeidsforhold. Vi vil kjempa mot ufrivillig deltid og anbudsutsetting av fylkeskommunale oppgåver.

Vi har enorme moglegheiter i Hordaland. Vi vil dela på dei ressursane vi har, for når vi deler med kvarandre løfter vi i fellesskap. Men for å kunna dela må vi også skapa. Vi har kunnskapsmiljø i verdsklasse som skal bidra til å skapa framtidas arbeidsplassar innan fornybar vatn-, vind- og bioenergi. Kunnskapsmiljøa skal bidra til å forløyse dei, kraftforedlende industri kan auka verdien av dei.

Landbruket gjev oss arbeidsplassar i næringsmiddelindustrien og lokal busetting i distrikta. Samtidig dannar det grunnlaget for reiselivsutvikling. Reiseliv, kultur og landbruk er tradisjonsrike næringar som har fleire felles utfordringar. Norsk tradisjonsmat, utvikling av kulturlandskapet og lokalt kulturtilbod fremmar reiseliv og medverkar til å styrke fylket og fjordane våre som verdsleiande og berekraftige reisemål.

Me treng eit sterkt Vestlandslandbruk som produserer trygg og god mat. Landbruket må sikrast rammevilkår som fører til god utnytting av naturressursene. Dette er viktig for matsikkerheit, sjølvberging og berekraft. Landbruket gjev oss arbeidsplassar i næringsmiddelindustrien og lokal busetting i distrikta. Samtidig dannar det grunnlaget for reiselivsutvikling. Reiseliv, kultur og landbruk er tradisjonsrike næringar som har fleire felles utfordringar. Norsk tradisjonsmat, betre utnytting av kulturlandskapet og lokalt kulturtilbod fremmar reiseliv og medverkar til å styrke fylket og fjordane våre som verdsleiande og berekraftige reisemål.

### **Hordaland Arbeiderparti vil:**

- At Hordaland skal bli det fremste klimafylket med omsyn til forskning og utvikling av ny miljøvenleg teknologi og framtidsretta energipolitikk.
- Sikra at alle offentlege innkjøp av varer og tenester blir innretta slik at det ikkje skal vera mogeleg – og det skal ikkje løne seg, å driva med sosial dumping, barnarbeid, arbeidsmiljø- og økonomisk kriminalitet, eller anna uetisk forretningsdrift.
- Ha eit sterkare samarbeid mellom skule, næringsliv og universitet/høgskule om utdanning og forskning.
- Arbeida for at nye statlege arbeidsplassar vert lokaliserte på Vestlandet.
- Sikra offentleg og lokalt eigarskap over energiproduksjon og viktige naturressursar.
- Arbeida for å sikra vestlandsbonden gode rammevilkår og leggja til rette for nye samarbeidsformer/driftskonsept som kan sikra rekruttering og optimisme i næringa.
- Ha ein meir differensiert arealpolitikk som sikrar god næringsutvikling og bustadbygging i heile fylket.

- Ha eit tenleg regionalt nærings samarbeid på folkevald nivå. Difor vil vi leggja om Business Region Bergen, og jobbe for at dei i større grad enn i dag ivaretek dei oppgåver det er naturleg at eit regionalt nærings selskap har ansvar for.
- Kjempa mot anbodssystemet og arbeide for partssamarbeid og medarbeidarinitiert omstilling.
- Få etablert eit tett samarbeid mellom forskings- og utviklingmiljø for klimavenleg sjøtransport og reiselivsnæringa for å leggja grunnlaget for eit grønt skifte for det Vestnorske reiselivet og for å byggja opp under framtidig næringsutvikling.